



## VIKTIG INFORMASJON TIL ALLE TENESTESTEDER I ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA



EIT SAMHANDLINGSPROSJEKT MELLOM KOMMUNANE ULLENSVANG,  
JONDAL, ODDA OG HELSE FONNA.

Vår målgruppe er personar i Odda, Ullensvang og Jondal, med rusavhengighet eller problematisk bruk av rusmidler og/eller psykisk lidning, som er utan tilbod, eller ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å nyttiggjera seg av allereie eksisterande tilbod, og er i behov av koordinerte og samansette tenester.

Kommunane og Helse Fonna samarbeider for å gje menneske i denne målgruppa eit kvalifisert, forpliktande og individuelt tilbod, anten i kommune og/eller i spesialisthelsetenesta etter tilrettelagt behov.

Samhandlingsteamet er tverrfagleg, tverretatleg, oppsøkjande med tilsette i brøkstillingar frå kommunane og spesialisthelsetenesta.

Aktiviteten i Samhandlingsteamet kan kjenneteiknast ved:

- Ei oppsøkjande tilnærming
- Koordinering av rus-/psykiatrisk-/somatisk behandling etter individuelle behov.
- Fokus på kartlegging, vurdering av pasientens totale livssituasjon.
- Fokus på bosituasjon, skule, utdanning, aktivitet arbeid og nettverk.
- Redusere rusmisbruk og risikoadferd.
- Fokus på psykisk helse og auka livskvalitet.

Fastlegar og andre som føler bekymring kan kontakta oss for å leggja fram ei sak eller drøfte om ein pasient er aktuell for teamet. Det gjeld òg foreldre og andre pårørande. Anonymt, eller etter samtykke frå brukar.

Samhandlingsteamet tilbyr felleskonsultasjon på måndagar.

Drøfting av aktuelle saker, avtale felleskonsultasjon eller spørsmål kan rettast til teamkoordinator Hilde Crovo Engesæter på telefon 53654369/ 97558596.

Formelle og administrative ordningar som henvisning og kommunale vedtak, kan gjerast ved behov i etterkant.